



**Nasjonalparkstyret
for Reinheimen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk Fjellsenter,
Brubakken 2, 2686 Lom
Norsk Tindesenter
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 04
fminpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyret.no/reinheimen>

Lesja kommune
Postboks 53
2665 LESJA

Saksbehandler Kristine Sørli

Vår ref. 2021/3145-3 432.3

Dykkar ref.

Dato 18.03.2021

Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - Asbjørnsdalen - Lesja kommune

Delegert vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Lesja kommune dispensasjon til motorferdsel med snøscooter til 5 basestasjonar med antennemastar i Asbjørnsdalen. Føremålet med tiltaket er sjekk av antennemastane sett opp for i samband med tapsavklaringsprosjekt i Lesjaskog beitelag.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon til snøscootertransport gjeld inntil 2 turar med 2 snøscooterar.
- Transporten skal gjennomførast innan 20.april 2021
- Det skal nyttast leigekøyrar godkjend kommunen, jf. forskrift om bruk av motoriserte køyretøy i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).
- Køyretasé: Frå Rånå inn Asbjørnsdalen og beste farbare trase til basestasjonane, som skissert på kartet i søknaden. Retur same veg.
- Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl. Det skal ikkje køyrast dersom det er villrein i området ved køyretraseen.
- Statens naturoppsyn (SNO) v/ Thomas Rødstøl (mob: 915 47 617) skal varslast på SMS dagen før køyring.
- Dispensasjon skal takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Køyrebok skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten.
- Køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 05.06 på følgjande elektroniske skjema:
http://www.nasjonalparkstyret.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapporteringsskjema_motorferdsel-redigert2021.pdf

Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.



Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad om motorferdsel frå Lesja kommune, e-post 09.03.21
- Tilleggsinformasjon, e-post 15.03.21 frå Sigud Alme i Lejsa kommune
- Vedtak i AU-Reinheimen, 23.04.2020, - dispensasjon til å sette opp 5 basestasjonar med antennemastar i Reinheimen nasjonalpark i samband med tapsavklaringsprosjektet.
- Delegert vedtak – nasjonalparkstyret for Reinheimen – helikoptertransport for montering av 5 bakkeantennar, 03.06.20

Søknad

Lesja kommune søker om motorferdsel med snøscooter for å gjennomføre tilsyn med bakkeantennar til 5 høgdedrag innafør Asbjørnsdalen i Reinheimen nasjonalpark, som skissert på kartet under.



Køyrerute er frå Rånå – Brennhø – Skarvehø – Ørnhammeren – Gravarhø – Grønhø – retur Asbjørnsdalen.

Føremålet med transporten er tilsyn med dei 5 basestasjonar med antennemastar, som vart sett opp i 2020, i samband med eit kommunalt prosjekt i beitenæringa: **Tapsavklaring Asbjørnsdalen år 2**. I følgje Lesja kommune treng Telespor, som står for telecom-løsninga, transport på snødekt mark for å sjekke dei 5 sendemastene før kommande beitesesong. I følgje beitenæringa så har prosjektåret 2020 ikkje gjeve ønskjeleg resultat.

I e-post 15.03.21, har plan- og miljørådgjevar i Lesja kommune følgjande tilleggsinformasjon til søknaden:

Korrigerer vedlagt søknaden etter samtale med Erik Bakken den 15.03.21.

Det nyttast leigekøyrar, 2 Skuterar med totalt 4 mann. Perioden utvidast til å gjelde til 20.04.21.

Ber også om løyve til å trakke snøskuterløype opp Asbjørnsdalen ein eller to dagar før turen. Om det har vert motorferdsel inn dalen nyleg som gir trakka snøskuterløype vert det ikkje behov for å trakke ny.



Heimelsgrunnlag

Delegering

I medhald av vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, har nasjonalparkstyret for Reinheimen i styremøte 14.03.2016, sak 5/16, gjort vedtak om å delegere handsaming av einskilde saker til nasjonalparkforvaltaren, slik som i denne saka. Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Reinheimen myndigheit til å treffe vedtak i saker av kurant karakter.

Med saker av kurant karakter meiner ein følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsel og motorferdsel.
- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.
 - c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet

Søknaden er vurdert i samsvar med:

Forskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
Naturmangfaldlova, 2009

Verneformål – forskrift

All motorisert ferdsel i nasjonalparken er i utgangspunktet forbode, jf. verneforskrift § 3, pkt. 6.1. Verneforskrifta § 3, pkt. 6.3, opnar for ulike føremål det etter søknad kan gjevast dispensasjon til, som t.d. naudvengig varetransport til buer, hytter, transport av båt og utkøyring av salt i regi av beitelag. I verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark er ikkje føremålet med transporten spesifisert i vernereglane, og søknaden om motorisert ferdsel må derfor vurderast som unntak frå vernereglane, og behandlast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48: « ..det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og det ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det naudvendig.»

Forvaltningsplan

Motorisert ferdsel er særleg konfliktyft fordi verneområda skal vera skjerma for unødig støy og uro. Transportar skal ha eit klart nytteføremål. Motorisert ferdsel skal haldast på eit naudvendig minimum. Vidare står det at motorferdsel i samband med bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark til ulike formål, i regelen skal skje ved bruk av leigekøyrar (jf Nasjonal forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på islagte vassdrag § 5 a.). Turar på vinterføre skal normalt avgrensast til 1 – 5 turar, og køyring etter 20.april, ev. 3.påsekdrag om den er seinare, skal ikkje skje.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.



Vurdering

Føremålet med transporten er til midlertidig oppsette basestasjonar med antennemaster, som skal dokumentere tap av sau innafor Asbjørnsdalen. Tiltaket er knytt til beitenæring i verneområdet, der forvaltningsplan har teke høgde for oppsetting av nødvendig sambandsutstyr for bruk av radiobjeller på sau. Lesja kommune fekk dispensasjon til å sette opp 5 bakkeantennar og utkøyring med helikopter i 2020, jf. vedtak i AU-Reinheimen 23.04.20. Prosjektet er 2-årig, og er eit samarbeid med Oppland Radiobjøllelag, Lesjaskog beitelag og SNO, der Lesja kommune er tiltakshavar. Behovet for motorferdsel er for å sjekke basestasjonane slik at systemet gir eit betre resultat for beitesesongen 2021. Transporten på snødekt mark er effektivt og gir stuttare opphaldstid i området, og er nødvendig, for å kunne ha med utstyr for å betre sambandssystemet.

Kunnskapsgrunnlaget i verneområdet er godt, og forvaltar har jamleg kontakt med sekretær for villreinutvalet, for oppdatering på villreinflokkane i området. Transport innafor Asbjørnsdalen på denne tida, ikkje vera i direkte konflikt med villrein. Villrein er noko spreidd, og dei mest sårbare fostringsflokkane er lenger søraust i nasjonalparken sør for Lordalen. Kunnskapsgrunnlaget – jf. naturmangfaldlova § 8 – er vurdert som tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «føre-var-prinsippet».

Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning”, skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning i verneområdet. Snøscootertransporten og belastninga for verneområdet er forbigående og akseptable. Tiltaket er nødvendig av omsyn til tapsavklaringsprosjektet i Asbjørnsdalen, og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Transporten skal gjennomførast med leigekøyrar, og belastninga for verneområdet er forbigående og akseptable. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:

Transporten på snødekt mark er føremålstenleg, og nødvendig for å sjekke systemet og dei 5 sendemastene på ein effektiv måte, i god tid før beitesesongen.

Med helsing

Kristine Sørli
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:
Lesja fjellstyre
Mari Melbø Rødstøl
Statens Naturoppsyn v/Per Olav Haugen
Mads Heidsve, Lesja kommune
Statens naturoppsyn v/Thomas Rødstøl
Lesjaskog beitelag, Erik Bakken
Sigurd Alme, Lesja kommune
Statsforvalteren i Innlandet